

## Årsmelding for Jostedal Spel og Dansarlag for året 2007

Årsmøtet vart halde 23.03.07 på Jostedal hotell. Etter årsmøtet var det lynkurs i Jostedalsspringaren. Morten Vigdal var instruktør.

Styret vart slik: Janicke Hovland, leiar  
Arne Aasen Hauge  
Eldbjørg Haugen (attvald)  
Helene Bolstad (attvald)  
Oddbjørg Ese (ny)

Valnemd: Vigdis Bakken, Venke Lill Sagerøy og Einar Ese ( alle attvalde)

Revisor: Gunnar Ruud (Halldor Sperle vara)

Det har vore halde 6 styremøte, og 23 saker er vorte handsama dette styringsåret. Det er 62 medlemmer i laget pr 03.08.07

### **Opplæring**

#### **Dans:**

Anne Kristin Haugen har hatt opplæring i dans ein periode mellom påske og 17. mai. Opplæringa var for born i skulealder og vart gitt i skuletida. Opplegget var i samarbeid med skulen.

Rupeungane er ei song/dansegruppe for 14 barn i alderen 4 – 9 år. Anne Kristin Haugen og Eli Bjørhusdal er leiarar. Rupeungane har hatt 2 framsyningar i Dølaheimen dette styringsåret, 4. april og 30. desember. Dølaheimen var full på begge framsyningane, og gruppa hausta stor ære. Den 30. desember var det tradisjonell juletreffest etter framsyninga. Gruppa deltok og med program på 17. mai.

Bygdedissen har vore arrangert annakvar tysdag frå oktober fram mot jul. Morten Vigdal har leia samlingane. Einar Ese har vore spelemann.

Sigrun og Lars Vigdal har stelt i stand springarøvingar føre kappleikar. Det har vore tysdagar på hotellet.

#### **Spel:**

Det vart skipa til kurs i hardingfelespell fyrste helga i januar. Lærer var Håkon Høgemo. Dette er etterkvart vorte ein tradisjon, og Håkon er tinga att til same tid neste år. På søndag vart kurset halde for dei yngste medlemmene. Oda Heidi Bolstad var då med som hjelpelærer.

Dei yngste medlemmene får elles opplæring i hardingfelespell gjennom musikkskulen.

## **Tilskipingar:**

22.09.07 arrangerte laget gammaldansfest i Dølaheimen. Luster Trekkspelklubb og felespelande Jostedøler byttest på å spele. Det var bra med folk som møtte fram og arrangemantet var svært vellukka.

14.12.07 arrangerte laget julebord på Jostedal hotell med ca 99 påmelde. Det var Hagen & Åberge som var tinga til å spele til dans. Etter oppfordring frå nokre medlemmer vart felespelarane Mari, Else Marie, Ida Kristine og Einar tinga til å spele i pausane.

05.01.08 vart det skipa til dans på Jostedal hotell i samband med felekurset. Det var bra frammøte. (2 fleire betalande enn året før). Luster trekkspelklubb og spelegruppa i spelemannslaget spela ei stund kvar. Alle spela gratis.

## **Deltaking på kappleikar, stemne og kurs:**

Fleire av våre medlemmer er ivrige deltakarar på kappleikar og stemne rundt om i landet. Det har mellom anna vore deltakarar på fylkeskappleik, landskappleik og vestlandskappleik. Dansarane har delteke i lagdans på landskappleiken.

Medlemmar i laget har delteke på Mokurs og sjokoladekappleik

Oda Heidi har vore i Estland på Nortradsamling. Laget har sponsa noko av utgiftene til turen.

Dei yngste felespelarane er med på diverse tilskipingar i dalen, m.a. 17. mai, juletefest og julekonserten i kyrkja.

## **Ymse:**

Laget er medarrangør til Blåe tonar, og har stilt opp med dørvakter på diverse arrangement.

Laget har bidrege på 17. mai med sal av pølser og brus.

Laget er medarrangør til Samdansen som vert arrangert på Hafslo ein gong kvar månad.

***Styret takkar alle som har stilt opp og gjort ein innsats i 2007!***